

Årsmelding Kommunestyregruppa Ullensvang Arbeidarparti

Ullensvang kommunestyre har i 2025 behandla totalt 138 saker, både små og store. Budsjettvedtaket i siste møte før jul er årets største og viktigaste sak. Men det har og vore fleire andre saker, mellom anna kommunen sin arealplan, veg, og kraftsaker, og forskjellige eigedomskjøp, som har skapt stort engasjement. Saka om Hydro/Lyse sin konsesjon i Røldal har fulgt både kommunen og partiet gjennom heile året. Her har både partileiar og ordføraren bidrege med mye kunnskap, og sterkt engasjement. Det har vore heilt avgjerande for gruppa si haldning i denne saka. Gruppa er breitt samansett, med mye kunnskap og god geografisk representasjon frå nesten heile kommunen. Gruppa har fordelt saker og oppgåver etter kunnskap og engasjement. Alle medlemmene har vore på talarstolen fleire gonger. Stemninga i gruppa, både i og utanfor møten, er god

Samarbeidet med dei andre fleitalspartia har jevnt over fungert bra, sjølv om det har fleire parti inn og utmeldingar i perioden. Fleirtalet er skjørt, så evnen til kompromiss har vore viktig i fleire saker. Vi stemmer for det aller mesta som samla gruppa, men opplever fremdeles at gruppa sprekk i enkeltsaker. Her har vi framleis ein jobb å gjøra med internkommunikasjon, for å unngå overraskingar under avstemmingar.

I tillegg til dei 11 faste medlemmene, har og 4 varamedlem møtt i løpet av året.

Vidar Solvi
Gruppeleiar